

Fra: Filemail.com <no-reply@filemail.com> på vegne av Ard arealplan as <no-reply@filemail.com>
Sendt: 17. januar 2019 15:32
Til: Postmottak Meland
Emne: SV: Saksgang reguleringsplan for Fossesjøen



Til: postmottak@meland.kommune.no
Fra: Ard arealplan as <post@ardarealplan.no>

SV: Saksgang reguleringsplan for Fossesjøen

Hei.

Viser til tidlegare avklaringar av trygg skuleveg for born frå Fossesjøen. Vi har no revidert notatet vårt om trygg skuleveg og ynskjer eit møte snarast mogleg.

I notatet har vi endra den delen som går på byggjetrinn 1. Bustølvegen fungerer i dag som skuleveg, og er ein køyreveg med lite trafikk. Bustølvegen er i dag berre open for biltrafikk til og frå eigedomane, og vert nytta til skuleveg. For å gjera Bustølvegen meir attraktiv for gåande, samt å gjera borna oppmerksame på kvar skulevegen går, ynskjer vi at vegen blir oppgradert.

I barnetråkkregistreringa frå Sagstad skule (5. klasse) skrivar nokon av elevane at deler av Bustølvegen var skuleveg, møteplass, ballspel, aking, søppel langs vegen og mange tre fører til at det blir mørkt. Vi føreslår difor å oppgradera Bustølvegen med merker, skilt, nedsett fartsgrense til 30 km/t, betring av lysforhold og ein pauseskur midtvegs til Frekhaug. Dette meiner vi i stor grad vil bidra til at skuleelevane som kommer frå Fossesjøen langs fv 564, vel å bruke Bustølvegen som skuleveg. Vidare introduserer vi dette som eit første steg mot «hjartesone» der Frekhaug kan bli «Droppzone».

Vi meiner at reguleringsplanen vil ha tilnærma bilfri skuleveg med denne løysninga. Om kommunen definerer Bustølvegen som tilnærma bilfri skuleveg, meiner vi at kommunen ikkje har heimel til å krevje rekkefølgjekrav for opparbeiding av gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen.

Det er særskild viktig for tiltakshavar å få starta opp med byggearbeid og sal av bustader på Fossesjøen. Det har vore investert betydelege summor i eigedomane, og for økonomien i prosjektet er det kritisk å få løyst ut nok kapital.

Med beste helsing
Svein Are Furdal
Ingeniør · Arealplanleggar
saf@ardarealplan.no

Ard arealplan as

Nygårdsgaten 114 · 5008 Bergen
Tlf: 55 31 95 00 · Mob: 90 81 25 83

www.ardarealplan.no
www.facebook.com/ArdArealplan/

Fra: Stian Hviding <stian@sandland.as>
Sendt: fredag 4. januar 2019 14:07
Til: Svein Are Furdal <saf@ardarealplan.no>
Emne: VS: Saksgang reguleringsplan for Fossesjøen

Til info.
Se under.

Med vennlig hilsen

Stian Hviding
Siv.ark

Sandland Holding as
Nøstegaten 56
5011 BERGEN
tlf: 94 10 9000

Fra: Merethe Tvedt <Merethe.Tvedt@meland.kommune.no>
Sendt: 4. januar 2019 13.57
Til: Stian Hviding <stian@sandland.as>
Kopi: Kristin Nåmdal <Kristin.Namdal@meland.kommune.no>
Emne: Saksgang reguleringsplan for Fossesjøen

Hei Stian Hviding,

Viser til telefonsamtale i dag. Rekkefølgekravet til bilfri gang- og sykkelveg til næraste skule (Kommuneplanføresegn, KPA pkt. 1.5.4) vil slik administrasjonen ser det (ifht. dei løysingane som de til no presentert) ikkje vera oppfylt utan at gang/sykkelveg til Sagstadvegen er ferdig opparbeidd.

Dersom dette punktet ikkje står som eit rekkefølgekrev i reguleringsføresegnene som blir sendt inn til oss, de vidare vel å ikkje ta det med. Vil planen vera i strid med kommuneplanen, og saksgangen vidare er at de kan kreve å få planen lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret tar då stilling til om det kan fortsette reguleringsplanarbeidet. Dersom dei går inn for det, kan planen leggjast fram for 1. gongsbehandling til UDU.
Dersom innstillinga deira er negativ vil deira vedtak stoppe planarbeidet. Jf. Pbl. § 12-8.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt
Konsulent private planar
Meland kommune

Få mer ut av Filemail - prøv [Pro](#) eller [Business](#)

[Om Filemail](#) [Hjelp](#)